



SAKSBEHANDLING AV LANDSVERNEPLANAR

– formelle krav og anbefalte rutinar

KORT OM LANDSVERNEPLAN

Regjeringa har bestemt at det for alle sektorar skal utarbeidast landsverneplanar. I kgl. res. av 15. august 2006 har Regjeringa definert landsverneplan som eit overordna dokument som framstiller kulturhistoriske eigedommar i ein sektor, slik desse er kartlagde og valde ut av sektoren/eigedomsforvaltaren i samråd med Riksantikvaren. Landsverneplanane skal danne grunnlag for eventuell forskriftsfreding i samsvar med kulturminneloven. I tillegg skal planane innehalde oversikt over dei eigedommar som sektoren/verksemda i samarbeid med Riksantikvaren vil verne på annan måte.

Planen bør derfor innehalde to vernekategoriar. Ein rår til at inndelinga i vernekategoriar er som følger:

- **verneklasse 1** omfattar bygningar med naturleg tilhøyrande uteområde som det blir føreslått å frede etter kulturminneloven § 22 a.
- **verneklasse 2** omfattar bygningar med naturleg tilhøyrande uteområde som det blir føreslått å verne i kraft av landsverneplanen. Det bør vurderast om ein skal føreslå at eigedommar i kategori 2 blir regulerte til spesialområde bevaring etter plan- og bygningsloven § 25.6, eller om ein skal leggje til grunn eit sjølv-pålagt vern, f. eks. gjennom retningslinjer fastsette i forvaltningsplanen for eigdommen.

Ein landsverneplan må oppfattast som ein heilskap, der alle bygningar inngår i eit utval som skal vise breidda og variasjonen i eigedomsmassen knytt til sektoren.

FORMELL FORANKRING

Landsverneplan-arbeidet er forankra i Kongeleg resolusjon om overordna føresegner om forvaltning av statlege kulturhistoriske eigedommar som tredde i kraft 1. oktober 2006. Kulturminnevernet er ein del av miljøpolitikken og sorterer under Miljøverndepartementet. På miljøområdet – irekna kulturminnevernet – er det stadfesta eit prinsipp (sektorprinsippet) som inneber at ansvaret for å følgje opp arbeidet ligg ute i kvar enkelt sektor. Kvart enkelt departement er derfor ansvarleg for arbeidet med kulturminnevern på sitt område.

Departementa er ansvarleg for at det blir laga landsverneplanar som dekkjer deira sektorområde. Dette betyr at departementa set i gang og finansierer prosjekta, og oversender det endelege produktet til Riksantikvaren.

Departementa har i tillegg gjennom styringa av statens eigedomsforvaltarar og verksemdene som bruker eigedommane det overordna ansvaret for oppfølginga av landsverneplanane. Ansvaret for oppfølginga er forankra i ovannemnde kgl. res. og sektoransvaret slik det er formulert i gjeldande miljøpolitikk. Riksantikvaren skal assistere med rettleiing i arbeidet og tek seg av den formelle behandlinga av den endelege landsverneplanen.



Tårnet ved Bærum Sykehus. Foto: Leif Maliks



Auditoriet ved Førde Sykehus. Foto: Isabell Lexow



Høgskolen i Nesna. Foto: Trude Norddal



Departementa må saman med statens eigedomsforvaltarar sikre tilstrekkelig kompetanse og ressursar for ei forsvarleg forvaltning av eigedommane både under arbeidet med landsverneplanane og etter at arbeidet er avslutta.

Riksantikvarens behandling av landsverneplanen, med forskriftsfredingar av dei eigedommar som inngår i verneklasse 1, er det formelle sluttproduktet som følgjer landsverneplanarbeidet. I tillegg skal Riksantikvaren som statsforvaltningas fagorgan på kulturminneområdet fatte vedtak og gi råd om vern og forvaltning av eigedommane som inngår i landsverneplanen.

KOORDINERING AV LANDSVERNEPLANARBEIDET

Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) koordinerer statens samla landsverneplanarbeid til og med 2008 gjennom prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar. Etter dette vil Riksantikvaren overta ansvaret for å følgje opp ikkje fullførte landsverneplanar overfor ansvarlege departement og verksemder.

DEI ENKELTE LANDSVERNEPLANPROSJEKTA

Definering av omfanget av den enkelte landsverneplan må ta utgangspunkt både i sektoren si historie og dagens bruk av statlege eigedommar. Kva sektor eigedommane tilhøyrrer kan ikkje utelukkande avgjerast ut frå kven som har ansvaret for eigedomsforvaltninga. Meir avgjerande kan vere sterk historisk tilknytning og noverande bruk/brukar av eigedommen. F. eks. tilhøyrrer høgskulane landsverneplanen til Kunnskapsdepartementet, sjølv om dei blir forvalta av Statsbygg som ligg under Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

SAMARBEID UNDER UTARBEIDING AV EIN LANDSVERNEPLAN

Det er viktig at departementa som overordna ansvarlege ser til at både forvaltarane av eigedommane og brukarane/leigetakarane blir inkluderte i landsverneplanarbeidet.




Rikstrugdeverket Oslo, Opphavsrett: Entra Eiendom



Sjøbod ved Herføl. Foto: Tarja Koskinen



Falkeskjoldsmessen på Munkholmen. Foto: Silje Wormnes Skulstad



Det må òg etablerast jamleg dialog med Riksantikvaren. Riksantikvaren skal vurdere utvalet av eigedommar, og evt. føreslå justeringar av innhaldet i planen. Jamleg samarbeid mellom Riksantikvaren og prosjektgruppene skal sikre at landsverneplanen så langt som mogleg blir eit dokument alle partar kan einast om allereie under utarbeidinga. Tett kontakt med Riksantikvaren skal òg sikre at eigedommane blir varetekne på rett måte medan planarbeidet går føre seg, dvs. i perioden der berekna verneverdi er identifisert men enno ikkje formelt sikra gjennom Riksantikvaren sitt vedtak. Eventuelle tiltak på dei aktuelle eigedommane under arbeidet med landsverneplanen skal vurderast av Riksantikvaren slik at viktige kulturminneverdiar ikkje går tapt medan planarbeidet skjer.

Ved sal av verneverdige eigedommar under planperioden er det viktig at Riksantikvaren vurderer eigedommane og varslar om eventuell freding før salet. Ein viser til Instruks om avhending av fast eigedom som tilhøyrer staten, fastsett ved kgl. res. av 19.12.97, både kap. 2.1 og 4.2.

PROSEDYRAR FOR HØYRING OG OVERSENDING TIL RIKSANTIKVAREN

Før landsverneplanen vert godkjent av departementet og oversendt til Riksantikvaren for behandling, bør ein la aktuelle partar uttale seg. Ein rår òg til at kulturminneforvaltninga i fylka vert inviterte til å gi sitt syn på eigedomsutvalet og planen elles.

Endå om det ikkje er formelle krav til høyring av denne typen planar, rår ein til at følgjande får høve til å uttale seg før landsverneplanen vert sendt over til Riksantikvaren:

- forvaltar(ar) av eigedommane,
- brukarar/leigetakarar,
- fylkeskommunen/fylkeskommunale kulturminnemyndigheiter, i tillegg til Sametinget der samiske kulturminne kjem inn i biletet,
- kommunar og aktuelle organisasjonar innan kulturminnevernet, der ein ser det som relevant.

Departementa godkjenner den ferdige landsverneplanen og oversender den med eventuelle fråsegner til Riksantikvaren. Departementa må òg sjå til at Riksantikvaren mottek nødvendige data for registrering av eigedommane i statens kulturminnedatabase "Askeladden".

OPPFØLGING AV LANDSVERNEPLANEN ETTER OVERSENDING TIL RIKSANTIKVAREN

Departementa:

- skal gjennom underliggjande etatar som forvaltar eigedommar sjå til at det vert laga forvaltningsplanar for eigedommar som inngår i landsverneplanen(e).
- som har ansvar for statlege eigedommar skal sørge for ajourføring av landsverneplanen i samråd med Riksantikvaren ved alle vesentlege endringar i sin eigedomsportefølje. Dette kan vere til dømes avhending, vesentlege bygningsmessige endringar, kjøp, tap eller skade av eigedommar.

Eigedomsforvaltarane:

- legg inn alle relevante data i egne forvaltningsregister,
- set i gang arbeidet med regulering av dei eigedommane i verneklasse 2 som Riksantikvaren har anbefalt regulert til spesialområde bevaring etter plan- og bygningsloven § 25.6,
- utarbeider forvaltningsplanar for eigedommane,
- sørger for at eigedommane vert forvalta i tråd med føringane i landsverneplanane og kongeleg resolusjon av 15.08.2006,
- sørger for jamleg oppdatering av relevante opplysningar i sine eigedomsregister,
- føretek rullering av landsverneplanen med jamne mellomrom, i samråd med Riksantikvaren og eventuelt overordna departement.

Riksantikvaren:

- fattar vedtak om forskriftsfreding etter kulturminneloven § 22 a for eigedommar i verneklasse 1,
- gir anbefaling om kva eigedommar i verneklasse 2 som bør fremjast regulert etter plan- og bygningsloven § 25.6 Spesialområde bevaring,
- legg inn alle relevante data i kulturminnedatabasen "Askeladden",
- etablerer rutinar for at data knytte til statlege kulturhistoriske eigedommar blir vedlikehaldne i "Askeladden",
- er overordna myndigheit i saker som gjeld statens kulturhistoriske eigedommar og utfører saksbehandling på eventuelle byggetiltak på eigedommar i verneklasse 1 i tråd med fredingsforskrifta,
- gir råd til statlege eigedomsforvaltarar,
- følgjer opp den oversikta landsverneplanarbeidet gir over viktige eigedommar som ikkje lenger er i statleg eige, og fremjar ordinære fredingssaker der ein finn det nødvendig.

REVISJON OG SUPPLERING AV LANDSVERNEPLANEN

Det kan oppstå behov for å revidere/supplere landsverneplanane blant anna ved kjøp og sal av eigedommar. Sektoren kan tilførast nye enkeltbygg eller grupper av eigedommar. Kvar enkelt sektor vil derfor ha behov for å gjere ein gjennomgang av dei kulturhistoriske eigedommane med jamne mellomrom, både som eit hjelpemiddel til å kartleggje kva tilstand eigedommane er i, og som ein del av eigedomsplanlegginga. Ein rår til at det vert gjort ei slik vurdering kvart 5. år.

